

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 29.01.2024
SAKSHANDSAMAR: Thomas Homme Pettersen og Terje Arne Krokvik
SAKA GJELD: **Konsernbudsjett 2024, investeringsbudsjett og likviditetsbudsjett og justering av inntektsramma til helseføretaka**

ARKIVSAK: 2023/935
STYRESAK: 011/24

STYREMØTE: 13.02.2024

FORSLAG TIL VEDTAK

- Inntektsramme for 2024 som blei vedtatt under sak 119/23 blir justert i tråd med endringane som følgjer av tabellen under (i heile tusen):

Endringar i inntektsramma for 2024 vs. styresak 119/23 (heile tusen kroner)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	HDS	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2024 - sak 119/23	8 822 967	4 316 157	13 550 686	3 359 682	1 070 475	3 846 741	34 966 707
Justeringar av inntektsramme frå staten:							
Medevac						10 000	10 000
Tilskot til forskning						16 522	16 522
Tannhelsetjeneste i sjukehus			550				550
Endring øremerka tilskot							
Helsesituasjon for barn som blir plassert utanfor heimen						2 600	2 600
66 nye LIS1 stillingar	1 500	2 000	1 500	1 500			6 500
LIS1-stillingar	29 452	5 123	13 721	5 123		-53 419	0
Endringar i inntektsfordelinga							
Regionalt fagnettverk for selvmordsforebygging						400	400
Satsingar som blir fordelt seinare						-590	-590
Tronvik					-12 145	12 145	0
Regionale fellesløysingar						190	190
Sum endringar	30 952	7 123	15 771	-5 522	0	-12 152	36 172
Oppdatert inntektsfordeling 2024	8 853 918	4 323 280	13 566 457	3 354 160	1 070 475	3 834 589	35 002 879

- Justert inntektsramme fordelt per helseføretak:

INNTEKTSFORDELING 2024	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds-plass	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	2 076 335	961 428	3 330 521	651 274	362 788	-	7 382 346
SUM, basisramme fordelt etter modell	6 228 296	3 138 528	8 573 924	2 609 572			20 550 320
Resultatbasert finansiering	38 843	18 625	62 177	14 280			133 925
SUM, basisramme fordelt utanfor modell	470 576	194 060	1 413 152	70 028	707 687	3 834 588	6 690 091
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	39 868	10 640	186 683	9 006	0		246 197
SUM, inntekt 2024 fordelt frå RHF	8 853 918	4 323 280	13 566 457	3 354 160	1 070 475	3 834 588	35 002 878

3. Resultatkravet for 2024 blir fastsett som følgjer:

Resultatkrav 2024	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav	66 000	0	10 000	-2 000	9 000	1 000	350 000	434 000

4. Investeringsbudsjettet for 2024 blir fastsett som følgjer:

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	TOTAL
Bygg - tilgjengelig ramme	2 813 672	346 613	810 000	297 300	64 500	4 400		4 336 485
Medisinteknisk utstyr	260 767	35 000	201 000	8 000				504 767
IKT				2 000	8 100	653 218		663 318
Anna	38 428	10 000	122 000		1 100		6 500	178 028
Sum investeringar 2024	3 112 867	391 613	1 133 000	307 300	73 700	657 618	6 500	5 682 598

Det kan bli aktuelt å justere investeringsbudsjettet i helseføretaka etter at resultatet for 2023 er endeleg klarlagt. Dette må i så fall skje innanfor gjeldande investeringsregime og bli behandla av styret i dei respektive føretaka. Framdrifta på investeringane må styrast i tråd med tilgjengeleg likviditet i helseføretaka.

- Administrerande direktør kan foreta nødvendige mindre omdisponeringar av budsjettpostane innanfor den totale budsjetttramma.
- Sjukehusapoteka Vest blir tildelt ein driftskreditt på 50 mill. kroner.
- Helse Vest IKT blir tildelt eit kortsiktig likviditetslån på 50 mill. kroner. Lånet tilbakebetales i sin heilskap før utgangen av 2024.
- Helse Stavanger blir tildelt tre interne lån på til saman 660 mill. kroner i 2024, til investeringar i Nye SUS BT1, datahall for HV IKT og produksjonslokale til Sjukehusapoteka Vest. Utbetalingstidpunktet blir vurdert i samband med føretaket sin langsiktige likviditet.
- Nye interne lån blir saksbehandla etter søknad og lagt fram for styret i styremøte i juni.

Oppsummering

Styret i Helse Vest behandla i møtet den 6. desember 2023 sak 119/23 Inntektsramme og resultatkrav 2024. Det er denne saka som gir ei utfyllande utgreiing av dei ulike budsjettpostane som ligg til grunn for inntektsramme og resultatkrav 2024.

Denne saka tar opp i seg endringar i inntektsramma som følgjer av oppdragsdokumentet frå Helse- og omsorgsdepartementet som ikkje var innarbeidd i saka om inntektsfordeling 2024. I tillegg er det nokre postar som ikkje var fanga opp i sak 119/23 som no er innarbeidd i oppdatert inntektsramme for 2024 til helseføretaka.

Denne saka omhandlar og konsernbudsjett, investeringsbudsjett med finansieringsgrunnlag samt likviditetsbudsjett for 2024.

I styresak 119/23 vart det fastsett følgjande inntektsramme og resultatkrav for 2024:

INNETKTSFORDELING 2024	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds-plass	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	2 076 335	961 428	3 330 521	651 274	362 788	-	7 382 346
SUM, basisramme fordelt etter modell	6 228 296	3 138 528	8 573 924	2 609 572			20 550 320
Resultatbasert finansiering	38 843	18 625	62 177	14 280			133 925
SUM, basisramme fordelt utanfor modell	470 576	194 060	1 413 152	82 173	707 687	3 846 741	6 714 389
Øyemerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	8 916	3 517	170 912	2 383	0		185 728
SUM, inntekt 2024 fordelt frå RHF	8 822 967	4 316 157	13 550 686	3 359 682	1 070 475	3 846 741	34 966 707

Helseføretaka har med basis i sak 119/23 behandla og vedtatt sine budsjett for 2024 i dei respektive styra i desember og januar. Innretninga på budsjetta er krevjande og innehar ein relativt stor risiko. Føretaka må framleis halde høgt fokus og framdrift på dei kostnadsreducerande tiltaka og følgje dei føringane som er gitt i 2023.

For å handtere risiko samt heilt nødvendig likviditet til investeringsprosjekt, er resultatkravet i RHF-et sett til 350 mill. kroner. Det er ikkje innarbeidd nokon reserve i tillegg til dette resultatkravet.

Justert resultatkrav for 2024 blir med basis i budsjettbehandlingane i helseføretaka og dei økonomiske rammene som no føreligg frå staten, føreslått som følgjer:

Resultatkrav 2024	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav	66 000	0	10 000	-2 000	9 000	1 000	350 000	434 000

Oppdatering av inntektene frå staten samt forslag til endringar i inntektsramma til helseføretaka er nærmare omtalt nedanfor i denne saka. Det er viktig å ha fokus på tiltak for å betre resultatane mest mogleg både i 2024 og i åra framover.

Oppdatert inntektsramme til helseføretaka blir foreslått som følger:

INNTEKTSFORDELING 2024	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds-plass	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	2 076 335	961 428	3 330 521	651 274	362 788	-	7 382 346
SUM, basisramme fordelt etter modell	6 228 296	3 138 528	8 573 924	2 609 572			20 550 320
Resultatbasert finansiering	38 843	18 625	62 177	14 280			133 925
SUM, basisramme fordelt utanfor modell	470 576	194 060	1 413 152	70 028	707 687	3 834 588	6 690 091
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	39 868	10 640	186 683	9 006	0		246 197
SUM, inntekt 2024 fordelt frå RHF	8 853 918	4 323 280	13 566 457	3 354 160	1 070 475	3 834 588	35 002 878

Oppdatert oversikt over detaljer relatert til inntektsramme 2024 og kjøp av helsetenester for 2024 ligg som vedlegg til denne saka.

Fakta

1. Inntektsramme frå staten

1.1. Oversikt over inntekter frå staten (Oppdragsdokument 2024)

Inntektspostar som følgjer av statsbudsjett 2024 og oppdragsdokumentet 2024 er no oppdatert og innarbeidd i inntektsramma i Helse Vest RHF. Tabellen nedanfor viser oppdatert oversikt over inntektene frå staten:

(tal i heile tusen)	Kap. Post	Inntektsramme 2024, sak 119/23	Konsernbudsjett 2024	Endring
Resultatbasert finansiering	732.71	133 900	133 900	0
ISF-inntekt (overslagsbevilgning)	732.76	7 468 862	7 468 862	0
Basisramme	732.73	26 840 189	26 840 189	0
Forskning og medisinske kompetansesenter	732.78	185 700	202 222	16 522
Tilskot til turnusteneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar	732.70	8 425	8 425	0
Landsdekkende modell for rettspsykiatri	732.70	1 274	1 274	0
LIS1-stillinger	732.70	53 419	53 419	0
66 nye LIS1-stillinger	732.70		6 500	6 500
Helsesituasjon for barn som blir plassert utanfor heimen	732.70		2 600	2 600
Medisinske undersøkingar på barnehusa	732.70	7 420	7 420	0
Barnepalliative team	732.70	6 042	6 042	0
Tverrfaglig helsekartlegging	732.70	2 149	2 149	0
Økt arbeidsgiveravgift	732.70	91 700	91 700	0
Medevac	732.70	20 000	30 000	10 000
Bjergvin fengsel	732.70	5 700	5 700	0
Heroinassistert rehabilitering	732.70	20 133	20 133	0
Persontilpasset medisin - overført via Helse Sør-Øst	732.70	16 000	16 000	0
Bioteknologiloven	732.70	6 893	6 893	0
Tannhelseteneste i sjukehus	770.21	4 500	5 050	550
Tilskot til protonsentor - Investeringstilskot	732.81	94 400	94 400	0
Sum, estimert inntekt frå staten		34 966 706	35 002 878	36 172

ISF inntektene er ei overslagsløyving som er berekna med basis i bestilling/anslag på DRG poeng. Anslaget er berekna med utgangspunkt i bestilling 2023 justert for vekstføresetnaden som ligg til grunn for statsbudsjett 2024. Helseføretaka bereknar si ISF inntekt med basis i budsjetterte DRG poeng.

Den delen av poliklinisk verksemd som ikkje inngår i ISF-ordninga er ikkje med i inntektsfordelinga frå Helse Vest. Det er i oppdragsdokumentet lagt inn ei overslagsløyving på 921,3 mill. kroner for 2024.

Poliklinisk psykisk helsevern og rusbehandling inngår i ISF ordninga. Desse inntektene er ikkje innarbeidd i tabellen ovanfor. Overslagsløyvinga for desse inntektene utgjer i 2024 502,6 mill. kroner. Det vil bli lagt inn eit akonto forskotsbeløp knytt til forventta ISF inntekt for psykisk helsevern og rusbehandling i den månadlege utbetalinga til helseføretaka.

Det er som følgje av endringa i inntektene frå staten samt interne budsjettendringar, gjort ei oppdatering av inntektsfordelinga til helseføretaka i forhold til det som blei lagt fram i sak 119/23. Under følgjer kommentarar til endringane som er lagt inn i budsjettet. Ei samla oversikt over desse endringane er vist i tabellen under pkt. 1.5.

1.2. Endringar som følgje av oppdateringar i basisramma frå staten

1.2.1. Tilskot til forskning

I styresak 119/23 Inntektsramme og resultatkrav 2024 har Helse Vest sett av 244,3 mill. kroner som tilskot til forskning. I oppdragsdokumentet for 2024 fekk Helse Vest følgjande føring:

- Helse Vest RHF skal innrette verksemda si med sikte på å styrke forskning, innovasjon og kompetanse, og forbetre kvalitet og pasienttryggleik.

Som følgje av dette har Helse Vest fått tildelt ytterlegare 16,5 mill. kroner til forskingsaktivitetar i 2024. Samla budsjett for 2024 er no på 260,8 mill. kroner.

1.2.2. Tannhelseteneste i sjukehus

I styresak 119/23 Inntektsramme og resultatkrav 2024 blei det innarbeidd eit estimert nivå for tildeling til tannhelseteneste i sjukehus, som er ein del av ei forsøksordning frå Helse- og omsorgsdepartementet. I oppdragsdokumentet for 2024 blei Helse Vest tildelt 5,05 mill. kroner til føremålet, noko som er ein auke samanlikna med styresak 119/23 på 0,55 mill. kroner. Midlane blir fordelt til Helse Bergen.

1.2.3. Medevac

I styresak 119/23 Inntektsramme og resultatkrav 2024 blei Helse Vest tildelt 20 mill. kroner til å handtere Medevac-pasientar frå Ukraina. Basert på nye anslag for tal behandlingar i 2024 frå Helse- og omsorgsdepartementet, har løyvinga blitt auka med 10 mill. kroner samanlikna med styresak 119/23 Inntektsramme og resultatkrav 2024. Samla tildeling i 2024 er no på 30 mill. kroner. Midlane blir fordelt til helseføretaka etter faktisk forbruk i samband med etablerte rapporteringsrutinar.

1.3. Endringar som følgje av øyremerka tilskot frå staten

1.3.1. Helsesituasjon for barn som blir plassert utanfor heimen

I oppdragsdokumentet for 2021 blei det lagt føringar om at barnevernet skulle etablere team for å kartleggje helsesituasjonen for barn som blir plassert utanfor heimen, med føremål om å få betre grunnlag for val av omsorgsbasis. Helse Vest RHF blei bedt om å bidra med spesialistkompetanse innanfor ramma av dei midlane som blir stilt til disposisjon til føremålet.

I oppdragsdokumentet for 2024 har Helse Vest RHF fått tildelt 2,6 mill. kroner til føremålet. Helse Vest RHF vil kome tilbake til endeleg fordeling av desse midlane på eit seinare tidspunkt.

1.3.2. LIS1-stillingar

I statsbudsjettet for 2023 blei helseregionane tildelt 100+31 nye LIS1 stillingar. I samband med styresak 058/23 Revidert nasjonalbudsjett 2023 blei Helse Vest tildelt 51,1 mill. kroner til føremålet, og desse blei fordelt til helseføretaka i tråd med eiga kartlegging.

Denne finansieringa er vidareført i 2024 og utgjer om lag 53,4 mill. kroner. Fordelinga til helseføretaka skjer i tråd med dei same føresetnadane som låg til grunn i styresak 058/23 Revidert nasjonalbudsjett 2023 og blir som følgjer per helseføretak (tal i heile tusen):

Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	SUM
29 452	5 123	13 721	5 123	53 419

1.3.3. 66 nye LIS1-stillingar

I samband med statsbudsjettet for 2024 og styresak 119/23 Inntektsramme og resultatkrav 2024, blei helseregionane tildelt 66 nye LIS1-stillingar, som hovudsakeleg skal innrettast mot ein vidare spesialisering innan allmenntilleggsmedisin. I oppdragsdokumentet for 2024 blei Helse Vest RHF tildelt 6,5 mill. kroner til føremålet, og desse midlane blir no fordelt til føretaka i tråd med eiga kartlegging. Fordelinga er som følgjer per helseføretak (i heile tusen kroner):

Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	SUM
1 500	2 000	1 500	1 500	6 500

1.4. Endringar som følgje av interne fordelingar i inntektsramma og kjøp av helsetenester

1.4.1. Tronvik

I 2023 blei det sett av midlar til utviding av behandlingstilbodet til rusmiddelavhengige ved Tronvik. Behandlingsplassane skulle kunne nyttast av pasientar frå heile regionen. I samanheng med at drifta ved seksjon rus døgn Tronvik skal leggjast ned i 2024 er det ikkje naudsynt med denne løyvinga lenger.

1.4.2. Regionalt fagnettverk for sjølvmondsforebygging

Helse Vest RHF fekk i 2021 oppdrag om å etablere eit fagleg nettverk for sjølvmondsforebygging i regionen. Opprettinga av dette nettverket har blitt forseinka, men det er no planlagt oppstart i 2024. Som følgje av dette har Helse Vest RHF tatt høgde for denne finansieringa med 0,4 mill. kroner, og midlane er førebels halde tilbake i RHF-et. Helse Vest RHF vil komme tilbake til fordeling av desse midlane på eit seinare tidspunkt.

1.4.3. Satsingar som blir fordelt seinare

I sak 119/23 Inntektsramme og resultatkrav 2024 blei det sett av 33,5 mill. kroner til satsingar som blir fordelt seinare. Det har blitt gjort ei disponering for regionalt fagnettverk for sjølvmondsforebygging (1.4.1) og regionale fellesløysingar på 0,2 mill. kroner, slik at budsjettet no utgjer 32,9 mill. kroner. Midlane vil framleis bli vurdert opp mot viktige satsingsområde som ikkje er fanga opp i denne saka.

1.4.4. Administrasjonsbudsjett

I sak 012/23 Administrasjonsbudsjett 2024 blir budsjettamma for administrasjonen behandla. Det er i denne saka lagt opp til ei ramme på 182,9 mill. kroner, og denne er uendra frå det som låg til grunn i sak 119/23. Det blir vist til ovannemnde sak for nærare detaljar om administrasjonsbudsjettet.

1.5. Samla endringar i inntektsfordelinga

Dei samla endringane som er omtalt ovanfor vil påverke inntektsfordelinga til helseføretaka og RHF-et på følgjande måte:

Endringer i inntektsramma for 2024 vs. styresak 119/23 (heile tusen kroner)	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	HDS	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme 2024 - sak 119/23	8 822 967	4 316 157	13 550 686	3 359 682	1 070 475	3 846 741	34 966 707
Justeringar av inntektsramme frå staten:							
Medevac						10 000	10 000
Tilskot til forskning						16 522	16 522
Tannhelsetjeneste i sjukehus			550				550
Endring øremerka tilskot							
Helsesituasjon for barn som blir plassert utanfor heimen						2 600	2 600
66 nye LIS1 stillinger	1 500	2 000	1 500	1 500			6 500
LIS1-stillinger	29 452	5 123	13 721	5 123		-53 419	0
Endringer i inntektsfordelinga							
Regionalt fagnettverk for selvmordsforebygging						400	400
Satsingar som blir fordelt seinare						-590	-590
Tronvik					-12 145	12 145	0
Regionale fellesløysingar						190	190
Sum endringar	30 952	7 123	15 771	-5 522	0	-12 152	36 172
Oppdatert inntektsfordeling 2024	8 853 918	4 323 280	13 566 457	3 354 160	1 070 475	3 834 589	35 002 879

I vedlegg 1 til denne saka følgjer oppdatert oversikt over inntektsfordelinga til helseføretaka for 2024 samt vedlegg 2 oppdatert budsjett for "Kjøp av helsetenester". Desse postane er tidlegare omtala under sak 119/23 Inntektsramme og resultatkrav 2024.

2. Konsernbudsjett 2024

Helseføretaka har med basis i sak 119/23 Inntektsfordeling og resultatkrav 2024, fatta vedtak om budsjett 2024 i sine respektive styrer. Resultatkravet er føreslått som følgjer:

Resultatkrav 2024	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteke vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav	66 000	0	10 000	-2 000	9 000	1 000	350 000	434 000

Med basis i helseføretaka sine budsjett blir konsernbudsjett 2024 som følgjer:

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Sjukehus apotaka	HV IKT	Kjøp av helsetenester	Helse Vest Administrasjon	Eliminering	Konsern
Driftsinntekter										
Basisramme	6 730 971	3 324 215	10 028 800	2 706 025			26 657 252	182 937	-22 790 011	26 840 189
ISF inntekter	2 303 627	1 020 633	3 938 400	671 550			7 468 862		-7 934 210	7 468 862
Polikliniske inntekter og egenandeler	512 501	190 740	995 800	176 642			921 282		-600 000	2 196 965
Andre inntekter og tilskudd	177 890	84 872	1 203 300	102 453	1 593 101	1 894 218	876 764	7 791	-3 152 319	2 788 070
Sum driftsinntekter	9 724 989	4 620 460	16 166 300	3 656 670	1 593 101	1 894 218	35 924 160	190 728	-34 476 540	39 294 086
Varekostnader	1 696 031	736 741	2 433 300	514 633	1 245 563	33 265	35 041 433		-32 582 322	9 118 644
Personalkostnader	6 447 172	3 040 764	11 020 400	2 450 456	236 389	572 219		130 103		23 897 503
Andre driftskostnader	1 239 786	595 636	1 894 000	534 941	97 402	786 693	650 000	60 025	-1 894 218	3 964 265
Avskrivninger	231 000	217 000	706 000	123 000	6 347	404 041	2 727	600		1 690 715
Sum driftskostnader	9 613 989	4 590 141	16 053 700	3 623 030	1 585 701	1 796 218	35 694 160	190 728	-34 476 540	38 671 127
Driftsresultat	111 000	30 319	112 600	33 640	7 400	98 000	230 000	0	0	622 959
Finansinntekter					1 600	1 000	120 000			122 600
Finanskostnader	45 000	30 319	102 600	35 640		98 000				311 559
Finansresultat	-45 000	-30 319	-102 600	-35 640	1 600	-97 000	120 000	0	0	-188 959
Resultat (vedtak HF-a)	66 000	0	10 000	-2 000	9 000	1 000	350 000	0	0	434 000

I konsernsamanstillinga er det gjort ei forenkla eliminering for konserninterne transaksjonar. Dette er i hovudsak knytt til ISF inntekt, polikliniske inntekter og basisramme i føretaka. I tillegg er det eliminert for interne inntekter i Helse Vest IKT og Sjukehusapoteka Vest.

Det vil bli endringar både på inntekts- og kostnadssida når helseføretaka har fått innarbeidd alle tiltak samt eksternfinansierte oppgåver. Dette vil påverke både inntekts- og kostnadslinjer, men ikkje resultatet.

3. Investeringsbudsjett 2024

Styret i Helse Vest RHF behandla i møte den 14. juni 2023 sak 059/23 Økonomisk langtidsplan 2024-2028. I denne saka er det mellom anna fastsett nødvendig resultatkrav for å kunne handtere investeringsbehovet i føretaksgruppa dei kommande åra.

Dei økonomiske rammene er stramme parallelt med at føretaksgruppa er i gjennomføringsfasen av store byggeprosjekt. Helse Stavanger og Helse Bergen blei likevel i sak 059/23 bedt om å greie ut moglegheita for økonomisk berekraft til høvesvis første del av byggetrinn 2 av Nye SUS og første del av utvikling Haukelandsområde (Årstadhuset) med mål om å søke om lån frå Helse- og omsorgsdepartementet for statsbudsjett 2025. Desse to sakene blei behandla av styret i Helse Vest RHF i møte den 10. januar og lånesøknad for prosjekta er meldt inn til statsbudsjett 2025.

Dei årlege investeringsbudsjetta må handterast i samband med behandlinga av dei årlege budsjetta i føretaka. I samband med behandlinga av konsernbudsjettet blir det i denne saka og fastsett investeringsramme for føretaka i 2024. Endeleg investeringsbudsjett må bli behandla i helseføretaka sine styrer med basis i det endelege resultatet for 2023, tilgjengeleg likviditet samt dei føringane som blir lagt i denne saka.

Likviditeten i føretaksgruppa er strammare enn det ein har vore vant med tidlegare år. Dette skuldast delvis resultatutviklinga men og at ein over fleire år har spart opp likviditet til å gjennomføre dei store investeringsprosjekta som ein no er midt oppe i. I tillegg er det og høgare utbetaling til pensjonspremie enn det som ligg til grunn i basisfinansieringa. Dette er handtert frå statens side med at ein kan nytte driftskreditt til å handtere forskjellen mellom premieutbetaling og kostnad. Helse Bergen og Helse Førde har ved inngangen til 2024 ein negativ likviditet og trekker på tildelt driftskredittramme på konsernkontoen. Fortsett høg investeringsaktivitet i 2024 vil innebere at likviditeten blir vesentleg lågare ved utgangen av 2024 for alle føretak.

Helse Vest vil gjere ei vurdering av utbetalingsplanen for innvilga interne lån. Dette inneber at helseføretak som har positiv likviditetsbeholdning ikkje nødvendigvis får utbetalt interne lån i 2024, men at utbetalingstidspunktet kan bli utset til behovet for likviditet faktisk er der.

Investeringsnivået må heile tida vurderast opp mot tilgjengeleg likviditet. Det er viktig at kvart helseføretak og føretaksgruppa som heilskap har tilgjengeleg likviditet som er tilstrekkeleg for å handtere risiko og andre uføresette forhold.

Helse Vest har ved utgangen av 2023 fått tildelt ei driftskredittramme på 4,613 mrd. kroner. Driftskredittramma blei i føretaksmøtet 18. januar auka til 5,786 mrd. kroner.

Driftskredittramma er tildelt med det føremål å handtere høgare premieutbetaling enn det som er dekt gjennom basisramma. Helse Vest har så langt klart å handtere pensjonspremien innanfor «eigen» likviditet. Det er såleis ikkje nokon dramatik i om føretaka må trekke på driftskrediten. Samtidig er det eit mål om at dette blir gjort i minst mogleg grad, både ut i frå at det har ein kostnad i form av renter men og at dette er ein del av den tilgjengelege likviditeten til å handtere risiko.

Investeringsnivået og likviditet er eit forhold som må følgjast tett opp i prosessen med rullering av økonomisk langtidsplan våren 2024.

3.1. Samla investeringsbudsjett Helse Vest

Det samla investeringsbudsjettet for 2024 er som følgjer:

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	HV IKT	RHF	TOTAL
Bygg - tilgjengelig ramme	2 813 672	346 613	810 000	297 300	64 500	4 400		4 336 485
Medisinteknisk utstyr	260 767	35 000	201 000	8 000				504 767
IKT				2 000	8 100	653 218		663 318
Anna	38 428	10 000	122 000		1 100		6 500	178 028
Sum investeringar 2024	3 112 867	391 613	1 133 000	307 300	73 700	657 618	6 500	5 682 598

Helseføretaka har i november og desember styrebehandla sine investeringsbudsjett. Helse Vest har i etterkant fått oppdaterte tal som er avstemt i forhold til etterslep på investeringar frå 2023. Etterslepet frå 2023 er investeringar som vil bli betalt og belasta investeringsbudsjettet i 2024. Dette inneber at tala ovanfor vil avvike noko mot dei vedtaka som ligg i helseføretaka sine styresaker. Helse Vest har lagt til grunn dei oppdaterte tala på investeringar som er avstemde mot likviditetsbudsjetta og kontantstraumen, for å få eit så reelt bilete av likviditeten i føretaksgruppa som mogleg.

Alle helseføretaka har store byggeprosjekt som er i gjennomføringsfasen. Det er byggetrinn 1 av Nye SUS i Helse Stavanger som er det desidert største prosjektet. Byggetrinn 1 er planlagt ferdig i 2025.

I det samla investeringsbudsjettet for 2024 er om lag 3,3 mrd. kroner knytt til store byggeprosjekt, jf. tabellen under.

Budsjett 2024 store byggeprosjekt i Helse Vest

Beløp i heile tusen kroner	Budsjett 2024
Helse Stavanger - Nye SUS	2 299 889
Helse Fonna - Byggetrinn 2 Haugesund sjukehus	250 000
Helse Bergen - Parkhjørnet	100 000
Helse Bergen - Håkonsgata	123 000
Helse Bergen - Protonsenter	250 000
Helse Førde - Nye Førde sjukehus	267 300
Sum	3 290 189

3.2. Samla kontantstrøm og finansiering av investeringar i Helse Vest

Det er tilgjengeleg likviditet som vil vere styrande for om det er finansielt grunnlag for å gjennomføre investeringar. I tabellen nedanfor er det gjort ei samla oppstilling over kontantstrøm med tilhøyrande og tilgjengeleg likviditet.

Beløp i heile tusen kroner	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apoteka	IKT	RHF	TOTAL
Årsresultat	66 000	0	10 000	-2 000	9 000	1 000	350 000	434 000
+ Avskrivning/nedskrivning	231 000	217 000	705 637	123 000	6 347	404 041	3 327	1 690 352
+/- Tap/gevinst ved sal av anleggsmidlar	0	0	0	0	0	0	0	0
+/- Endringer i omløpsmidlar	-71 244	-33 642	-118 692	-4 000	-10 000	0	0	-237 578
+/- Endringer i kortsiktig gjeld	117 822	-43 266	0	0	-90 900	0	0	-16 344
+/- Forskjell kostnadsført pensjon inn-/utbetaling	20 562	6 599	-184 000	-5 248	-10 163	0	0	-172 250
= Netto kontantstrøm fra operasjonell aktivitet	364 140	146 691	412 945	111 752	-95 716	405 041	353 327	1 698 180
+ Innbetaling ved salg av varige driftsmiddel/bygg	0	0	47 000	0	0	0	0	47 000
- Utbetaling ved kjøp av varige driftsmiddel/bygg	-3 112 867	-391 613	-1 133 000	-307 300	-73 700	-657 618	-6 500	-5 682 598
= Netto kontantstrøm fra investering	-3 112 867	-391 613	-1 086 000	-307 300	-73 700	-657 618	-6 500	-5 635 598
+ Innbetaling ved opptak av langsiktig lån HOD	503 000	38 000	235 000	261 000	0	0	0	1 037 000
+ Innbetaling ved opptak av internt lån	660 000	0	0	0	20 000	0	-680 000	0
- Avdrag/nedbetaling av langsiktig lån	-77 757	-52 000	-121 172	-15 900	-1 833	0	16 700	-251 962
- Likviditet til IKT investeringar						249 177	-249 177	0
+ Byggelånrenter ikke betalbar men tillagt investering	334 778	0	71 000	24 797	0	0	0	430 575
<i>Endring driftskreditt - driftskreditt vises som negativ banksaldo</i>								
+/- Investeringstilskudd, gaver, kapitalinnskudd, annet	-7 596	-3 120	112 000	0	0	3 400		104 684
= Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	1 412 425	-17 120	296 828	269 897	18 167	252 577	-912 477	1 320 297
= Endring likviditet ekskl. driftskreditt	-1 336 302	-262 042	-376 227	74 349	-151 249	0	-565 650	-2 617 121
Likvide midler/driftskreditt 01.01	1 788 007	244 052	-983 818	-354 109	156 659	0	2 225 175	3 075 966
Likvide midler (+)/ bruk av driftskreditt (-) 31.12.	451 705	-17 990	-1 360 045	-279 760	5 410	0	1 659 525	458 845
							Ufordelt	
Driftskredittramme (vedtak 18/12-23)	962 700	534 100	2 267 500	693 500	50 000		105 200	4 613 000
Tilgjengelig likviditet	1 414 405	516 110	907 455	413 740	55 410	0	1 764 725	5 071 845

Det som er den viktigaste faktoren i forhold til vurderinga av investeringsevne er den faktiske likviditeten i føretaksgruppa. Ved utgangen av 2024 er det i prinsippet berre Helse Stavanger og Helse Vest RHF som har positiv likviditet. Dei andre føretaka har negativ likviditet og trekker på driftskreditten.

Helse Stavanger har søkt om eit internt lån til tre prosjekt på totalt 660 mill. kroner, jf. omtalen nedanfor under kap. 3.2.2. Ei tildeling av desse låna er ein viktig føresetnad og

premiss for vurderinga av om Helse Stavanger har økonomisk berekraft til å gjennomføre første fase av byggetrinn 2. Likviditetssituasjonen til Helse Stavanger viser at lånet truleg må utbetalast i 2024, men dette er eit forhold som vil bli vurdert i forhold til det reelle likviditetsbehovet.

Den samla likviditeten i føretaksgruppa ved utgangen av 2024 er estimert til å vere om lag 459 mill. kroner. Dette er ein nedgang på om lag 2,6 mrd. kroner i forhold til utgangen av 2023.

I kontantstraumoppstillinga ovanfor er det lagt inn ei driftskredittramme på 4,613 mrd. kroner som blei tildelt i føretaksmøtet den 18/12-23. Det er føresetnaden om pensjonshandtering som vart kjend i desember som ligg til grunn for kontantstraumen ovanfor og som allereie er handtert i likviditetsbudsjettet ved inngangen til 2024. Når driftskredittramma blir auka til 5,786 mrd. kroner i føretaksmøtet 18. januar, så gir ikkje dette isolert sett auka «fri likviditet» då denne auken skal gå til å dekke auka premiebetaling i 2024.

Når ein tar omsyn til moglegheita til å bruke driftskredittramma vil føretaksgruppa med basis i nivået på driftskreditten som blei fastsett i føretaksmøtet den 18/12-23 ha ein samla tilgjengeleg likviditet på vel 5 mrd. kroner.

Sjølv om likvide midlar i bank blir vesentleg lågare enn tidlegare år, kan ein likevel etter ei samla vurdering sei at det er tilstrekkeleg finansieringsgrunnlag og likviditet til å handtere investeringsnivået som ligg i helseføretaka sine investeringsbudsjett, gitt at helseføretaka klarer å levere eit resultat som er i tråd med resultatkravet.

3.2.1. Investeringslån frå staten

Helse Vest RHF er i statsbudsjettet for 2024 tildelt lån på 1036,7 mill. kroner til investeringar. Det er sett av 37,6 mill. kroner til trinn 2 av utbygginga av Haugesund sjukehus, 234,9 mill. kroner til protonsenderet på Haukeland universitetssjukehus, 261 mill. kroner til å oppgradere og modernisere sjukehuset i Helse Førde og 503,2 mill. kroner til B-bygget (tidlegare E-bygget) som er ein del av byggetrinn 1 i Helse Stavanger.

Utbetalinga av lån må følgje framdrifta på byggeprosjektet, og ein kan ikkje få utbetalt meir enn 70 % av kostnaden på prosjektet til ei kvar tid. Dette er eit forhold som må avstemmast med helseføretaka og meldast tilbake til HOD dersom tildelinga er høgare enn framdrifta i prosjekta.

Det er vidare gitt tilskot til protonsenderet på Haukeland universitetssjukehus med ei vedtatt tilskotsramme på 389 mill. kroner i 2018-kroner. For 2024 vert Helse Vest tildelt 94,4 mill. kroner i tilskot til protonsenderet i Helse Bergen, og med dette vert heile ramma for tilskotet utbetalt.

3.2.2. Interne lån

Helse Stavanger har i tråd med søknad til Helse Vest datert 31.01.2023 føresett utbetaling av internt lån til byggetrinn 1 av Nye SUS på 500 mill. kroner, internt lån til produksjonslokale for Sjukehusapoteka Vest på 65 mill. kroner og eit lån til ny datahall for Helse Vest IKT på 95 mill. kroner. Samla internt lån utgjer 660 mill. kroner og er innarbeidd i finansieringsgrunnlaget.

Helse Vest legg i denne saka opp til ei tildeling av tre interne lån til Helse Stavanger på til saman 660 mill. kroner. Utbetalingstidspunktet blir vurdert i samband med utviklinga i Helse Stavanger sin langsiktige likviditet.

Helse Bergen, Helse Fonna og Helse Førde har ikkje lagt inn føresetnadar om interne lån i 2024.

Helse Vest IKT har gjennom avskrivningar og økonomisk resultat ein kontantstraum frå drifta på om lag 405 mill. kroner til å dekke investeringar. Det samla investeringsbehovet er på om lag 652 mill. kroner i 2024. Helse Vest IKT har behov for eit internt lån på om lag 249 mill. kroner for å dekke det samla likviditetsbehovet i 2024. Det er på same måte som tidlegare år lagt opp til at RHF-et på vegne av helseføretaka handterer dette likviditetsbehovet gjennom tildeling av internt lån, jf. styresak 18/24 Langsiktig finansiering Helse Vest IKT 2024.

Helseføretaka blir fakturert for mellom anna avskrivingskostnader når investeringsprosjekta i IKT er ferdige. På den måten får Helse Vest IKT tilført likviditet frå føretaka som over tid kan nyttast til å betale ned på interne lån som er gitt frå Helse Vest RHF på vegne av helseføretaka. Helse Vest IKT vil først vere i stand til å foreta ein netto nedbetaling når dei årlege investeringane er lågare enn dei årlege avskrivningane.

I tillegg har Helse Vest IKT eit kortsiktig likviditetsbehov i 2024 som er omtalt under punkt 5.2.

Sjukehusapoteka Vest har i 2023 signalisert eit behov for investeringar i eindoseanlegg. I samband med styresak 061/23 *Godkjenning av investering i eindoseanlegg samt tildeling av interne lån* blei Sjukehusapoteka Vest tildelt eit internt lån på inntil 20 mill. kroner til kjøp av utstyr og innreiing av regionalt eindoseanlegg. Forholdet er innarbeidd i finansieringsgrunnlaget for 2024.

4. Investeringar og gevinst

Helseføretaka har som del av investeringsbudsjettet for 2024 gitt ei tilbakemelding på korleis ein forventar å ta ut gevinstar knytt til byggeprosjekt, større MTU prosjekt, regionale IKT prosjekt og andre forbettringsprosjekt og tiltak i føretaka. Føretaka har gitt ei tilbakemelding på kva som er gevinstmålet innanfor dei ulike gevinstområda og når ein forventar å kunne

hente ut dette gevinstpotensialet. Når ein skal synleggjere gevinstpotensialet i ein periode på 5-10 år fram i tid vil talgrunnlaget vere usikkert. Dette vil vere eit kontinuerleg utviklingsarbeid og potensialet som er synleggjort frå føretaka må følgjast opp og oppdaterast årleg.

Økonomisk langtidsplan er lagt til grunn når føretaka har identifisert gevinstar som er innarbeidd i budsjett for 2024. I tillegg til økonomiske gevinstar forventar også føretaka å hente ut kvalitative gevinstar innanfor fleire områder. Under følgjer ei oppdatert oversikt over gevinstmålet for 2024:

Prosjekt/Foretak	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehusapoteka
Byggeprosjekt	-	-	-	-	-
MTU prosjekt	-	-	15 000	-	-
Regional prosjektportefølje (IKT)	-	11 028	8 000	-	-
Andre forbetningsprosjekt/tiltak	8 300	11 000	183 000	34 390	10 780
Sum	8 300	22 028	190 000	34 390	10 780

4.1. Byggeprosjekt

Alle helseføretaka har store byggeprosjekt som er i gjennomføringsfasen. I 2023 blei Glasblokkene byggetrinn 2 i Helse Bergen stilt ferdig og teken i bruk. Livabygget i Helse Førde (nybygg somatikk), Protonsenteret i Helse Bergen og Nye SUS byggetrinn 1 i Helse Stavanger skal også ferdigstillast i løpet av 2024 og 2025.

4.2. MTU-prosjekt

Ein stor del av investeringane i 2024 innanfor medisinsk teknisk utstyr (MTU) er knytt til vedlikehald. Føretaka har dermed ikkje lagt til grunn større gevinstmål knytt til MTU for 2024. Helse Bergen har førebels prioritert investeringsmidlar knytt til utstyr på lab og ventar at dette vil gje gevinstar ved at ein kan handtere ei auka mengde analyser utan ei auke i bemanninga.

4.3. Regional prosjektportefølje (IKT)

Det er fleire regionale IKT-prosjekt i Helse Vest. Nye IKT-løysingar kan heve kvaliteten i pasientbehandlinga, leggje til rette for meir effektiv drift og frigjere tid for personell som kan nyttast til direkte pasientbehandling. Føretaka forventar å hente ut gevinstar knytt til desse prosjekta i varierende grad, basert på fasen dei ulike prosjekta er i og kor langt ein har kome i gevinstarbeidet. Det må arbeidast løypande med å identifisere og realisere gevinstar knytt til regionale IKT-prosjekt.

4.4. Andre forbetningsprosjekt/tiltak

Gevinstar som er venta knytt til andre forbetningsprosjekt/tiltak er hovudsakleg knytt til legemiddelområdet og effektiviseringstiltak i klinikk. Tiltak som er sett i verk inkluderer optimal utnytting av LIS-anbefalingar (legemiddelinnkjøpsamarbeid), raskare overgang til nye avtalar på medikament, nye avtalar for legemidlar på H-resept, effektive

arbeidsprosessar, betre ressursutnytting, applikasjonsforvaltning, gjenbruk av MTU og driftstekniske støttetjenester.

5. Førebels likviditetsbudsjett og driftskreditt

Den samla driftskredittramman til Helse Vest RHF ved inngangen til 2024 er på 4 613 mill. kroner. Denne vil bli auka med 1 173 mill. kroner i 2024 og vil ved utgangen av året vere på 5 786 mill. kroner. Fordelinga av driftskredittramman til helseføretaka vil bli gjort i styringsdokumentet for 2024.

5.1 Driftskreditt til Sjukehusapoteka Vest

Sjukehusapoteka Vest har eit likviditetsbehov knytt til at pensjonspremien er høgare enn pensjonskostnaden. I tillegg er det eit behov for å handtere kortsiktige svingingar i likviditeten kvar månad.

Styret i Sjukehusapoteka Vest behandla i møtet 7. desember 2023 sak 47/23 Budsjett 2024 for Sjukehusapoteka Vest HF. I samband med denne saka vedtok styret å søke Helse Vest om driftskreditt på 50 mill. kroner.

Helse Vest vil på bakgrunn av dette tilrå at Sjukehusapoteka Vest blir tildelt ein driftskreditt på 50 mill. kroner i 2024.

5.2 Kortsiktig likviditetslån til Helse Vest IKT


Helse Vest IKT har eit likviditetsbehov knytt til at pensjonspremien er høgare enn pensjonskostnaden. I tillegg er det eit behov for å handtere kortsiktige svingingar i likviditeten kvar månad.

Styret i Helse Vest IKT behandla i møte 9. november 2023 styresak 55/23 Søknad om utvida langsiktig finansiering. I samband med denne saka vedtok styret å søke Helse Vest om kortsiktig likviditetslån på inntil 50 mill. kroner i 2024.

Helse Vest vil på bakgrunn av dette tilrå at Helse Vest IKT blir tildelt eit kortsiktig likviditetslån på 50 mill. kroner i 2024. Lånet tilbakebetales i sin heilskap innan utgangen av 2024.

5.3 Førebels likviditetsbudsjett

Helseføretaka har utarbeidd førebels likviditetsbudsjett og det blir i den samanheng vist til kap. 3.2 ovanfor for nærmare omtale. Likviditetsutviklinga gjennom 2024 er vist i grafen under:



Endringer i pensjonskostnaden for 2024 vil kunne påvirke likviditeten i føretaksgruppa. Helse Vest legg til grunn at dette, på same måte som tidlegare år, blir handtert av Helse- og omsorgsdepartementet.

I grafen ovanfor er likviditetsbudsjettet sett opp med dei føresetnadane som var gjeldande i desember, kor driftskredittramma var basert på vedtak i føretaksmøtet 18/12-23. I føretaksmøtet 16/1-24 blei driftskredittramma auka med 1,173 mrd. kroner som følgje av auka premiebetaling til pensjon. Dette er førebels ikkje innarbeidd i likviditetsbudsjettet. Likviditeten og tilgjengeleg likviditet blir derfor målt opp mot driftskredittramma som blei fastsett i føretaksmøtet den 18/12-23.

Alt anna like betyr det at likviditetsbeholdninga ved utgangen av 2024 vil bli om lag 1,173 mrd. kroner lågare enn det som er vist i likviditetsbudsjettet, og at likviditetsbeholdninga då vil bli negativ. Dette er da handtert gjennom tilsvarande auke i driftskredittramma.

Det er usikkerheit knytt til framdrifta på investeringar, utviklinga i resultat samt andre transaksjonar som kan gi store periodesvingingar på likviditeten. Dette inneber at likviditeten periodevis kan avvike i forhold til det som er budsjettert. Likviditetsbudsjettet er førebels og vil bli følgt opp nærare i samband med den ordinære rapporteringa. Under føresetnad av at helseføretaka klarer å levere eit resultat i tråd med resultatkravet, vil likviditeten for 2024 isolert sett vere tilfredsstillande for føretaksgruppa samla sett i forhold til tilgjengeleg driftskredittramme.

Likviditeten vil likevel vere meir pressa og sårbar i forhold til tidlegare år. Dersom det blir avvik i resultatet vil dette bli følgt opp, og om nødvendig må ein gjennomføre reduksjon av investeringane eller andre tiltak for å sikre tilfredsstillande likviditet i føretaka og i føretaksgruppa.

Vedlegg 1

*) Spesifikasjon av poster utanfor modell	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds-plass	Helse Vest RHF	SUM
Inntektsramme Helse Vest RHF					703 127	3 834 588	4 537 716
Internt lab-/røntgenoppgjør	-6 166	-9 604	31 216	-15 446			0
Regional eining for rehabilitering ved alvorleg hovudskade			17 705				17 705
Strukturtilskot		39 858					39 858
Tilskudd til landsfunksjoner			55 521				55 521
Regionalt senter for spiseforstyrrelser			35 086				35 086
Tilskudd til interne gjestepasienter (10 % påslag)			41 745				41 745
LAR Helse Bergen			7 371				7 371
Nevrokirurgisk verksemd			10 145				10 145
PET-senter	16 786						16 786
Pensjon RNB 2023	598 737	285 282	1 124 888	210 494			2 219 401
Pensjon prop. 1 S 2024	52 855	33 684	90 723	24 074			201 336
Tilskot til utdanning	19 577	9 798	168 225	7 417			205 016
Kompetansetjenester:							
Regionale kompetansetjenester (samlet fordeling)	18 095	1 605	72 421	595			92 715
Regionalt tverrfagleg kompetansemiljø for astma og allergi			1 106				1 106
Tilstadevakt - beredskap, Solabasen og Florø	10 344			10 344			20 688
Kompetanse og nettverksbygging "Kropp og sjølvkjensle" - spiseforstyrning			3 145				3 145
Regional vurderingseining for rehabilitering			6 077				6 077
Utanlandsbehandlinger - overf. frå RHF			38 429				38 429
Nye nasjonale behandlingstenester			7 740				7 740
Spesialisert rehabilitering		12 000					12 000
Behandlingstilbud ved behov for kjønnsbekreftende behandling			2 323				2 323
Legeambulans		5 709					5 709
Veiledningsordning for barn og unge med spiseforstyrrelse			642				642
Etablering av soningseining for dei under 18 år			1 466				1 466
Narkotikaprogram med domstolskontroll			2 793				2 793
Rusmeistringseining ved fengsla i Stavanger og Bergen	1 028		1 028				2 055
Helse-Atlas				4 028			4 028
Nasjonal behandlingstjeneste for uavklarte smerter i ansikt og			2 166				2 166
Vestlandslegen SUS	30 000						30 000
Barn som pårørende	553	4 291	4 429	553			9 826
Pasientrapporterte data			654				654
Kreftstrategi - Vardesenter og pusterom	1 570		1 428				2 998
Overføring pasienter frå Gulen og Eidfjord		-16 327	54 143	-37 816			0
Utrekk MVA (basert på mva-kartlegging)	-361 186	-167 379	-573 871	-132 141			-1 234 577
Utdanningsstillinger for spesialsykepleiere	9 909	4 192	19 944	4 065			38 109
Arbeidsmedisinsk avdeling			9 152	0			9 152
Revmatologi	14 498	-6 029					8 469
Stifinnar-prosjektet			2 481				2 481
Virksomhetsovertakelse TSB - sammendrag flere poster			1 478				1 478
Virksomhetsovertakelse TSB - Intern bruk			11 693	-11 693			0
Ein Vei Vest - prosjekt og mottakerapparat	719	719	6 288	719			8 445
Fagnettverk - fordeling	1 713	1 627	5 304	42			8 686
Regionalt utdanningssenter	620	620	6 288	620			8 149
RegSim	3 617	362	362	362			4 703
InterRegSim	3 500						3 500
Sekretariat samarbeidsorgan			1 085				1 085
Regionalt biobankarbeid m.m			1 182				1 182
Prostatasentre	2 147		2 147				4 295
Intensiv språktrening	3 497		4 944				8 440
Regional monitoreringsteneste			2 412				2 412
Intensivambulans Stavanger	316						316
Nasjonale behandlingstenester			4 341				4 341
Arbeidsgiveravgift (tidlegare øremerka midlar)		9 002	671	24 247			33 921
Protonterapi - oppstart			36 960				36 960
Felles Vurderingseining i TSB	4 440	2 220					6 660
Kjøreskule for ambulans	572	17	6 321	17			6 926
Bioteknologiloven - NIPT			6 336				6 336
Lipødem					4 560		4 560
Styrking av tiltak innen barnehabilitering			3 200				3 200
Samhandlingsbarometer				2 412			2 412
Overført avtalehjemler	807			1 254			2 061
Koordineringseining PH			342				342
Norsk protoncenter - etablering av norsk proton og stråleterapiregister			2 323				2 323
Sikkerhetspsykiatri	18 391	3 605	20 329	2 071			44 397
Operativ fagforvaltning for medikamentell kreftbehandling			4 551				4 551
Korreksjon for omlegging av ISF (50 til 40%) i 2023	18 184	-21 647	35 413	-31 950			0
Dagkirurgi Norfjordeid sjukehus				5 304			5 304
Tidligere øremerkede midler - fordeles nå i rammen:							
Barn og unge med erverva hjerneskada (R-10043)	1 710		4 560				6 269
Behandling av seksuallovbruddsdømde (R-11021)	3 289		3 391				6 679
Barn og unge med livstruende og/eller livsbegrensande tilstander (R-10880)	456	456	912	456			2 280
SUM, basisramme fordelt utanfor modell	470 576	194 060	1 413 152	70 028	707 687	3 834 588	6 690 091

		Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds-plass	Helse Vest RHF	SUM
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):								
Nasjonale kompetansenester	Kap. 732.78	2 500		34 717				37 217
Heroinassistert rehabilitering	Kap. 732.70			20 133				20 133
Bjørvin fengsel	Kap. 732.70			5 700				5 700
Medisinske undersøkelser på barnehuset	Kap. 732.70	3 602		2 366	1 452			7 420
Protosenter - Investeringsstilskot	Kap. 732.81			94 400				94 400
Tverrfaglig helsekartlegging	Kap. 732.70			2 149				2 149
Tannhelseetene i sjukehus	Kap. 770.21			5 050				5 050
Bioteknologiloven - øremerka tilskot	Kap. 732.70	911	2 490	3 189	303			6 893
66 nye LIS1 stillinger	Kap. 732.70	1 500	2 000	1 500	1 500			6 500
LIS1 Stillinger	Kap. 732.70	29 452	5 123	13 721	5 123			53 419
Barnepalliative team	Kap. 732.70	1 903	1 027	2 484	628			6 042
Landsdekkende modell for rettspsykiatri	Kap. 732.70			1 274				1 274
Sum øyremerkte midlar frå HOD		39 868	10 640	186 683	9 006	0	0	246 197
SUM, tildelt inntekt 2024 frå RHF		8 853 918	4 323 280	13 566 457	3 354 160	1 070 475	3 834 588	35 002 878
Endring av inntektsramma til HF-a som følgje av gjestepasientoppgjjer:								
Kostnad, eksternt gj.pas.oppgjer		-208 365	-78 079	-131 247	-76 909			-494 600
Fakturering av gjestepasientar andre regionar		87 568	8 443	192 273	23 909			312 192
SUM, inntektsramme i HF-a		8 733 121	4 253 644	13 627 483	3 301 160	1 070 475	3 834 588	34 820 470

Vedlegg 2

	Konsernbudsjett 2024
Kjøp av helsetenester innanfor "sørge for ansvaret"	
Tilskot til influensasenteret i Bergen	4 113
Driftsavtaler - somatikk og psykisk helse	2 063 614
Driftstilskot private legespesialistar og kliniske psykologar	265 000
Driftsavtaler - rusområdet	283 635
Kjøp av diverse helsetenester	0
Pensjon apoteka, IKT og RHF	57 142
Andre avtaler	3 174
Lab/røntgen, privat	112 583
Luftambulansetenesta HF	248 642
Kjøp, private	24 145
SUM	3 062 049
Tilskotsordningar	
Tilskot, brukarorganisasjonar	12 134
Studenthelseteneste	5 491
Regionalt brukarutval	1 459
SUM	19 084
Tilbakeholdte midlar/blir fordelt direkte frå RHF	
Tilskot til forskning	260 820
Tilskot til Pasientreiser HF	24 715
Norsk Pasientskadeerstatning	222 159
Tilskot til turnusteneste i sjukehus for legar og fysioterapeutar (post 732. 7	8 425
Helseforetakenes driftsorganisasjon HF - Nødnett	12 000
Nasjonal E-helse	30 000
Kvalitetsregistre	77 266
Habilitering/rehabilitering	283 000
Avskrivning bygg Jæren DPS	2 727
Regionale og nasjonale fellesprosjekt/satsingar	90 537
Økt arbeidsgiveravgift	91 700
Tillitsvalde	5 220
Regionale fellesløyningar	7 459
Kvalitet og pasienttryggleik	18 160
Helsesituasjon for barn som blir plassert utanfor heimen	2 600
Satsingar som blir fordelt seinare	32 910
Regionalt fagnettverk for sjølvmondsforebygging	400
Legemiddelberedskap	1 291
Tverrfaglig helsekartlegging (post 732.70)	
Medevac (post 732.70)	30 000
Felles regionale kompetanseplaner og tenester (frikjøp)	13 477
Beredskapslager B180	14 602
Generisk register for intensiv, pandemi og krisehendelser	1 000
Bibliotekavtale med UiB	3 500
Tvangsomsorg i kommunene	24 000
Sjukehusinnkjøp HF	28 411
Sjukehusbygg HF	10 994
HÅBU i barn og unges helsetjeneste	5 775
ParkinsonNet	4 389
Ekspertpanel	1 386
Flere utdanningsstillinger for spesialsykepleiere	
UngMeistring	1 096
Persontilpassa medisin	16 000
IKT porteføljekostnad for å fange opp usikkerheit	12 058
Betaling for nasjonale e-helse løysningar	71 000
Norsk senter for blodberedskap	1 917
Resultat RHF	350 000
Reserve	0
SUM	1 760 994
Renteinntekt i RHF-et	-120 000
Helse Vest morselskap	
Administrasjon Helse Vest - kostnadsramme	182 937
SUM	4 905 063